

Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga
Agnes Mowinckelsgt. 5
Postboks 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2014000734-39
Journalpostid: 2017018486

Saksh: Harald Jordal
Telefon: 53 65 40 23

Arkivkode
B02

Dato:
10.11.2017

Innspel til Hordaland fylkeskommune. Handlingsprogram nasjonal transportplan (NTP) 2018 - 2023

vart samrøystes vedteke.

Det føreligg då slikt samr. vedtek i Odda formannskap i OF sak 055/17:

Odda kommune har følgjande kommentarar til Handlingsprogram 2018-2023 (2029)
Nasjonal Transportplan 2018-2029

Overordna prioriteringar:

1. Realisering av eit framtidretta samband mot E39 og Bergen sør er svært viktig for Odda kommune og Hardanger. Den uvanleg store netto samfunnsnyttan dette sambandet har er tydeleg dokumentasjon på betydninga av å få dette sambandet planlagt og realisert. Utarbeiding av KVVU for denne strekninga medfører ikkje store kostnader. Vi ber om at arbeidet med KVVU for dette sambandet vert iverksett straks.

2. Aust-vest utgreiingane fastslår den store betydninga utbygging av E134 har for søndre delen av Vestlandet. I Nasjonal transportplan 2018-2029 er det lagt opp til å starta bygging av prosjektet E134 Røldal – Seljestad i Hordaland og Telemark i slutten av fyrste seksårsperiode med bompengar, og med statlege midlar i siste seksårsperiode.

Stor dokumentert samfunnsnytte er eit tydeleg uttrykk for behovet for at E134 snarleg blir bygt ut til tiltenkt standard. Odda kommune vil peika på kor viktig det er å utvikla effektive transportkorridorar som bind landet saman, og den store betydninga denne utbygginga har for Hardanger. Vi ber om at oppstart og gjennomføring blir flytta framover i realiseringsplanen. Planlegging for førehandsinnkreving av bompengar på nye tunnelar på E134 Seljestad-Vågsliid må koma i gang snarast slik at byggestart på Seljestad-Liamyrane kan koma i gang seinast 2022 som omtalt i planen.

Et levende kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Org.nr: 964 967 814
Bankgiro: 3201.50.24584
Innbetaling skatt: 6345.06.12288

Telefon: 53 65 40 00
Telefaks: 53 65 40 51
Epost: epost@odda.kommune.no

3. I NTP framlegget er lagt til grunn statlege midlar til å starta utbygginga av E134 på strekningen Vågsli – Røldal i Telemark og Hordaland med mindre midlar i perioden 2024-2029. Tilsvarande som i pkt 1 vil Odda kommune peika på behovet for at dette sambandet snarleg vert bygt ut, og ber om at prosjektet vert forsert i realiseringsplanen.
4. Midlar til ny kryssløysing på RV13 ved Smelteverkstomta på koma snarleg på plass. Krysset som går inn til nytt kollektivtknutepunkt, og er eit spleiselag mellom Odda kommune og Statens Vegvesen, vert opparbeidd i 2018. Odda kommune forskutterer kostnadane.
5. Rassikringsmidlar for R13 mellom Odda og Tyssedal (ferdig reguleringsplan) må koma med i handlingsplanen.

Venleg helsing



Ole Jørgen Jøndahl
rådmann



Harald Jordal
kommuneseekretær